

Referat soknerådsmøte tysdag 14. mars kl. 18:30 på kyrkjekontoret

Til stades: Jostein Husa, Per Børge Hillestad, Lars Svendsen, Erling Walderhaug Ragnhild Husa, Solrunn Gullaksen og Mia Etokebe

Meldt fråfall: Tone Sævi, Olav Husa, Anders Bergsland, Iris Waage og Anna Marit Stormark.

Saksliste

S10/17 Godkjenning av innkalling og referat - Glemte å legge ved referat frå førre møte, elles ok.

S11/17 Skriv og meldingar

- Ragnhild og Lars melder inn 2 eventuelt saker.
- Prosten kjem til oss den 18. april og vi inviterer han til middag kl. 16:00, i lag med rådmann og heile soknerådet med vara. Nokon må hente prosten på kaja kl. 15:45. Jostein lagar noko godt ☺

Oppfølgingssaker:

Trusopplærar: Ingen økonomiske tap for oss. Det kjem ein eigen sak på dette ved neste møte som vert utforma av kyrkjevergene i Austrheim, Radøy og Fedje i fellesskap.

Nøkkelrutinar – utsettas til neste gong. Men Lars viste oss ei muleg løysing med kodelås og fingeravtrykk for å kome inn til døra ved prestesakristiet og bytte sylinder på dei to andre dørane og lage eit godt nøkkelsystem.

Kyrkjeordning: Per Børge informerer. Denne saka har vi ikkje råderett over lenger. Kyrkjeverja fekk ein god del info om den nye kyrkjeordninga på seminar og det vil ikkje påverke oss før i 2020, om ikkje vi vert med som forsøkskyrkjelyd. Dei endelige endringane kjem i perioden 2020-2025.

Reingjering i kyrkja – Arve og Jostein kjem med forslag til rutinar. Ønskes som eigen sak. Den vert Sak S20/17 lenger ned i referatet. Sjå også eige ark for reinhald.

Synfaring i Kyrkja 9. mars. Saknar tidsfristar på dei forskjellige gjeremåla. Det elektriske med ledningane som må skiftas bør skje innan konfirmasjonen i år. Lysekronene bør vere i orden til konfirmasjonen 2018. Mia tek dette med Risnes elektro.

S12/17 Kafé i bedehuset under ølfestivalen – Sida Anders ikkje er her utsettast dette til neste møte og leggast inn under saka om handlingsplan.

S13/17 Hein Anders Kvalheim til Fedje – utsettast til neste møte.

S14/17 Fasteaksjonen 2017 4. april. Konfirmantane og foreldra går denne aksjonen som tidligare år. Dei møter opp på kyrkjekontoret 17:00 og går si rode mellom kl. 17:30-19:30. Det er allereie satt opp plakatar om dette. Andre som ønskjer å vere med kan sjølvsagt også kome. Tone bakar bollar og Mia kjøper inn saft. Tone og ein til frå soknerådet teller opp pengane, rapporterer til KN og legg pengane i safen i kyrkja. Førebuing av bøsser og anna til aksjonsdagen gjer Tone og Mia i forkant.

S15/17 Diakoniplan til revidering. Drøfting av arbeidet i Diakoniplanen. Til dømes Friluftsgudsteneste på badestranda, besøksteneste, kyrkjeskyss, godheitsdag og anna. Førebels revidert utkast ligger vedlagt referatet.

S16/17 Handlingsplan for soknerådet – Dette vil vi snakke med prosten om den 18. april når han kjem på besøk.

S17/17 Nettsida www.kirken.no/fedje er oppe og går, denne vil vi gjere kjent og halde oppdatert. Hugs å få med adressa til Kvardag og Helg. Både Per Børge og Mia treng meir opplæring, men skal jobbe vidare med å få ei god heimeside. Heile gudstenestelista skal ligge der, Kvardag og Helg, årsmøte og anna offentleg informasjon.

S18/17 Årsmøte. 27. mars kl. 18:30 i bedehuset. Det blir noko å bite i til kaffien. Mia sett opp plakatar og legg ut årsmeldinga 20. mars.

Revidering av personalplan – eiga sak S21/17

Saker under arbeid som vi ikkje tek med på dette møte:

Utleige av kyrkja

Fellesrådssak: Festeavgifta. Samanlikne med Austrheim og Masfjorden.

S19/17 Eventuelle saker

Hugs å få med alle nye ting som har blitt skifta ut eller fiksa på i kyrkja i årsmeldinga. Mia tek ein prat med Øyvind om dette.

S 20/17 Reingjering av kyrkja.

Kva gjer vi med orgelmotoren? Snakke med Ivar Mæland om dette. Kva med pussing av lysekronene? Kva er dei laga av? Reinsing av teppe må gjerast straks. Vi må leige inn ein teppereinsar og høyre med Øyvind om kven som skal gjere arbeidet.

Vi må få i gang ein dugnadsvask kvart anna år. Vi vurderer å legge eit pleksiglas over alterduken for å verne ho frå stearin- og vin flekkar. Vi må finne ut kva slags utstyr vi treng for å vaske vindauge på ein best muleg måte.

S21/17 Revidering av personalplan. Mia skriv denne på nytt med det nye forslaget om at vi følgjer kommunens personalplan når det gjeld gåver ved avgang. Ragnhild språkvaskar den og det vert ein vedtakssak på denne ved fellesråd i april.

Soknerådsleiar: Jostein Husa